

32

Roger Hartveit

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3068 - 15/23306

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
01.10.2015

6/1 - Vevletveit - planering av areal

Kommunen syner til situasjonsplan og terrengprofilar motteke 30.09.2015.

Kommunen legg til grunn at saka gjeld planering av terrenget i samband med ferdigstilling av deponiområde for overskotsmassar etter bygging av vegsambandet Hauge - Lonevåg, jf. reguleringsplan RV567 Hauge - Lonevåg reguleringsendring arealplanid: 20081200.

Utdrag frå planskildringa:

Nytt deponi ved Borgovatnet

Nytt deponiet ved Borgovatnet er teke med i planen fordi dette vil gi ei betre løysing enn regulert deponi ovanfor tunnelpåslaget i Haugedalen. Deponiet i Haugedalen samti skogsveg og tommervelteplass er framleis føreslått regulert, men vil truleg ikkje bli etablert i samband med dette veganlegget.


Det nye deponiet ved Borgovatnet vil medføre ei opprydding i eit område som tidlegare har vore nytta til uttak av steinmassar. Området vil no bli fylt opp etter fastlagd koteplan. Overflata vil bli dekka med jord. Jordlaget vil truleg bli over 1,0 m tjukt. Tiltaket er i samsvar med Fylkeslandbruksstyret sitt vedtak om istandsetting av området. Det vert vist til vedtak i sak nr 06/575-11 frå 01.03.89.

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for det nye deponiområdet er gjort to gonger. Første gong vart det varsle oppstart saman med området på motsett side av riksvegen der det no pågår uttak av steinmassar. Andre gong vart det varsle oppstart som ein del av planendring for denne planen, plan nr. 504.70.

Konsekvensar for landbruk og næringsverksend

Med unntak av deponiområdet ved Borgovatnet fører reguleringsendringane berre til små forandringar når det gjeld landbruksforhold. Deponiet vil etter at det er etablert kunne brukast til jordbruksformål. Konsekvensane ved dette vurderer ein som positive. Området vil få eit ryddig uttrykk tilpassa landskapet i området.

Utsnitt frå reguleringsplankart:




Teiknforklaringa syner at området er avsett til kombinert område: jord og skogbruk/vesentlege terrenginngrep (990).


Utdrag fra reguleringsføresegn § 7:




Område for jord og skogbruk/vesentlege terrengeingrep ved Borgovatnet skal nyttast til deponering av jord og steinmassar. Oppfyllingsnivå skal tilpassast etter tilgjengelige massar, men det kan ikke plasserast meir enn 150.000 m³ masse (rekna som utlagt masse) i deponiet. Største høgde skal ikkje overstige kote + 46. Området skal planerast og tilpassast terrenget i området og opparbeidast med ei form som harmonerer med tilgrensande areal. Heile området skal dekkast med jord. Jordlaget skal være minst 1,0 m tjukt.

Motteke situasjonplan syner utviding av dyrka areal:



Mottekne profilar syner eksisterande deponi og terrengetilpassingar ein ynskjer å utføre:





VURDERING

Plan- og bygningslova

Rådmannen legg til grunn at deponering av massar på gnr. 6, bnr. 1, Vevletveit er utført i samsvar med reguleringsplan RV567 Hauge - Lonevåg reguleringsendring arealplanid: 20081200.

Sluttføringa gjeld tilpassingar mellom deponerte massar og eksisterande terrenge utanfor regulert areal.

Rådmannen legg til grunn at tiltakshavar har dei privatrechtslege rettane tiltaket føreset, jf. plan- og bygningslova § 21-6.

Rådmannen legg til grunn at planering av terrenget som ikkje fører til meir enn 3,0 meter avvik frå opprinneleg terrengnivå kan gjennomførast utan søknad, jf. forskrift om byggesak § 4-1, bokstav d, nr. 7.

Rådmannen vurderer at terregnendringane som er synt på terregnoprofilar og situasjonsplan motteke 30.09.2015 ikkje er søknadspliktig tiltak, dersom terregnendringa ikkje omfattar og/eller påverkar vassdrag, jf. plan- og bygningslova § 20-5, 1. ledd, bokstav e, jf. forskrift om byggesak § 4-1, bokstav d, nr. 7.

Jordlova

Landbruksjefen legg til grunn at tiltaket gjeld sluttføring av tiltaket med å å terrengetilpassa massedeponiet for at det opparbeida jordbruksarealet skal nok jorddekke (minimum 1m) og få eit eigna fall ned mot Borgavatnet og elva. Det er i hovudsak i tråd med merknadar kommunen hadde på ei synfaring på deponiet som vart gjort i 2013. Justeringa går noko utover planavgrensinga, men det er berre positivt jordbruksmessig. Etter innsende situasjonsplan og terregnoprofilar er påfyllingshøgden utanfor plangrensa liten.

Forureiningslova og forureiningsforskrifta kap. 4 om anlegg og vedlikehald av planeringsfelt

Ein legg til grunn at jordmassane som skal nyttast er reine naturlege jordmassar eigna til dyrking av grasvekstar.

Det er viktig at tiltaket blir gjort på ein måte som ikkje fører til ureining av vatn og vassdrag.

Konklusjon

Tiltaket kan gjennomførast i samsvar med terregnoprofilar og situasjonsplan motteke 30.09.2015, jf. reguleringsplan RV567 Hauge - Lonevåg reguleringsendring arealplanid: 20081200.

Det må sendast melding til kommunen når tiltaket er ferdigstilt.

Med helsing

Lars Johan Fjelde
avd.leiar landbruk

Odd Ivar Øvregård
Rådmann

Marit Nedreli
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg:

6-1 føresegner
6-1 plankart

Kopi til:

Monica Matter

Trondheimsvegen 68

2072

DAL

Mottakar:
Roger Hartveit